



Kolset Tidende

Nr 2 * Årgang 25

Desember 2021

Innhold:

Styret har ordet

Julegrantenning

Førjulsaktiviteter ved Kolset Barnehage

Nytt frå Leirgulen Idrettslag

Kaffikroken i Leirgulen Handel

Opningstider Leirgulen Handel i jula

Seniordansen i sving igjen

Gloføykje

Helsing frå Kolset Sanitetsforening

Rugsund Skyttarlag

Smalsarhorn Skulemusikk

STYRET HAR ORDET

Igjen er verdas minste julegate opna og grana lyser så fint opp på skuleplassen.

Så vart det jul igjen! I skrivande stund, er det mykje som er uavklart. Blir jula kvit? Blir det julekonsert? Går det an å få ein juleklem? Det er mykje vi endå ikkje veit. Men ein ting er sikkert, og det er at det blir jul i år også.

KKU har sidan førre nummer av Kolset Tidende blitt med i ei felles interessegruppe for bygdeutviklingslaga på sørsida, gitt innspel til trafikktryggingssplanen, tatt initiativ til oppstart av ei frivillig brannverngruppe, avholdt haustquiz, bestilt hjertestarter som skal plasserast i grandehuset, stått for hjertestarter- og førstehjelpskurs, og har som mål å få i gong ei lokal hjertestartargruppe med kopling til AMK så snart hjertestartaren er på plass. Den let vente på seg, men Røde Kors har sagt han er underveis.

Prosjekta går sin gong, og her blir det stadig jobba godt på dugnad med utvikling og vedlikehold. Gloføykje-prosjektet er det skrive litt om i et eige innlegg i avisa, gapahuken har fått eit strøk til med beis, sandvolleybana blir det jobba med å få i stand igjen, og på fleirbruksbana blir det jobba både med årlig vedlikehold som børsting og sprøyting, samt støyping. Planen er å bygge servicebygg ved bana når våren kjem.

Ellers har KKU tatt et initiativ til oppstart av ei ny nærmiljøgruppe som vi håpar blir noe av. Dette er det eit behov for om vi skal fortsette å jobbe med dei prosjekta vi har, og samtidig sette i gong med nye. Då må nokon halde kontroll på kva som trengst av dugnad / vedlikehold på det bygda alt har av anlegg.

Den lokale beredskapsplanen held vi på med å revidere, og denne vil bli publisert så snart han er ferdig. Bygda har sin eigen satelittelefon som blir oppbevart på møterommet på Kolset skule, og kan takast i bruk når krisa eventuelt treff. Vi kan alltid håpe at vi aldri får bruk for han.

Med desse orda ønsker vi at alle i Kolset Krins får en fredelig jul, og at vi får et godt og bekymringsløst nytt år.



GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!

Grasrotandelen KKU

Husk at du kan støtte KKU ved å registrere deg via tippekortet når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til oss. KKU sitt formål er å fremje positiv utvikling i krinsen. Vårt org. nr. er 990507201.

Førejulsaktiviteter ved Kolset barnehage

JULEGRANTENNING

Første søndag i advent møttest vi igjen til julegrantenning på Kolset .
Stor takk til SSM som stiller opp kvart år og gjer stunda så stemningsfull med fine juletonar, KKU som ordnar med julegran og ikkje minst LEIRGULEN
HANDEL som sponsar oss med julegløgg og pepperkaker !



JULEVERKSTAD

Det er mange av oss som saknar den tradisjonsrike juleverkstaden som vi har hatt på Kolset oppvekst i alle år. På foreldremøtet i haust bestemte vi oss for å vidareføre tradisjonen.

Foreldrerådsleiar og dei tilsette møttest for å planlegge og inviterte alle foreldre og sysken til juleverkstad tysdag 7. desember, kl 15.00 - 17.00.

Barnehagen starta dagen med pepperkakebaking og koking av graut. Nokre av foreldra tok med pizza, pastasalat og sjokoladecake. Foreldre og sysken kom så til ferdig dekket bord og åt middag saman i barnehagen.



Deretter var det verkstadarbeid - vi laga juledekorasjon, kubbenisse og julekort. Ein veldig kjekk ettermiddag i barnehagen, som vi håpar vi kan vidareutvikle og ta opp att neste år .

Vi var 32 stk samla i barnehagen denne ettermiddagen - kanskje vi neste år må «låne» rom på skulearealet for å få litt betre plass .

Foreldrerådet og tilsette i barnehagen takkar for deltaking og ynskjer alle i bygda ei riktig **GOD JUL** !



Nytt frå Leirgulen Idrettslag

Fjelltrimmen:

Vi presenterer herved vinnarane av fjelltrimmen 2020! Alltid kjekt å sjå kor mange spreke sambygdingar vi har, og at løypene i fjellet vert flittig brukt! Vi håpar at vi frå våren 2022 kan vi by på endå ei merka løype, nemlig Troda-Raudalskammen-Raudalen. Dette prosjektet var planlagt i år, men vi hadde verken tida eller fineveret på vår side.. Vi kjem tilbake med datoar for merking seinare-då er det berre å hive seg med på dugnaden ☺

Senior:

1. plass: Turid Olsbø 455 poeng
2. plass: Bjørg D. Lofnes 243 poeng
3. plass: Solfrid Leirgulen Kolseth 76 poeng

Vaksne:

1. plass: Audhild Storøy 229 poeng
2. plass: Eirin Taklo 153 poeng
3. plass: Hrafnhildur Eva Olafsdottir 139 poeng

Barn:

1. plass: Robin Leirgulen
2. plass: Noah Leirgulen
3. plass: Magnus og Olav E. Lofnes

Damene ser ut til å ha vore spesielt spreke dette året-det er ein rein damegjeng som har greidd å nå innom **alle fjelltoppane**... Desse er: Turid Olsbø, Bjørg Olsbø, Bjørg D. Lofnes og Evita Kolseth Skaar.

I år, som i fjor, har H. Eva m/familie stått for loddtrekkinga av eit gåvekort a kr. 500,- hos Chatlet, vinnaren i år vart Turid Olsbø!

Elles vil **alle** barna motta medalje for sin innsats i løypene. Vi gratulerer alle med flott innsats! Skulle det banke på døra di i løpet av nyåret, kan det hende det er styret i LIL som er ute og leverer premiar ☺

Trimåret 2021:

Sidan hausten 2021 har alle trimgruppene i krinsen hatt treningane sine innandørs i gymsalen, på vanleg vis. Det har vore kjekt å kunne utfalde seg blant ribbeveggar, matter og treningsapparat att!

I oktober vart det arrangert felles Halloweenfest for skule- og barnehageborna, i tillegg til dei aller yngste borna i krinsen. Til stades på festen var skumle monstre, søte prinsesser og tapre superheltar, leikandes i skjønn forening! Vi vaksne tykkjer det er fantastisk å sjå det fine samspelet mellom ungane, på tvers av aldrar!



I



november var gjengen samla att, denne

gongen utandørs for juleavslutning med grilling og leik i duskregnet.



Grasrotandelen:

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget-og dermed kome tiltak i nærmiljøet ditt til gode. Dette er heilt kostnadsfritt for deg. Vårt org.nr er 986124691.

Kaffikroken i Leirgulen Handel

I takt med at resten av landet gradvis har opna opp etter strenge koronarestriksjonar, har også Kaffikroken endelig kunne opne dørene.

Kaffikroken er sjølvbetjent, og open i butikkens opningstid. Her kan du skravle med vener og bekjente, og nyte ein kopp kaffi og ei velfortent pause i kvardagen ☺



Kaffikroken har det siste året vore open fleire laurdagar med servering av kaker og kaffi, i tillegg til nokre tilstelningar, som sjakkveld og baking av peparkakeby. Sistnemnde vart nyleg arrangert for andre gong i historia, og om du ynskjer å sjå (og lukte) resultatet, er du velkomen innom. Det er ungane i bygda som er byggmeisterar, tusen takk for innsatsen!



Vi lovar julestemning-garanti .. 🍪

Vi håpar at Kaffikroken kan verte eit samlingspunkt for alle. Ynskjer du å arrangere noko på ettermiddagar/kveldstid, kontakt oss gjerne, så finn vi ei løysning.



Nytt i år hjå Leirgulen Handel er sal av fyrverkeri. Šalet vil skje frå Kaffikroken i tidsrommet 29.-31.desember, i butikkens opningstid.



Opningstider i jula 2021



Måndag 20.12	10-17
Tysdag 21.12	10-17
Onsdag 22.12	10-17
Torsdag 23.12	10-17
Julafta	10-13
1.juledag	stengt
2.juledag	12-15
Måndag 27.12	10-17
Tysdag 28.12	10-17
Onsdag 29.12	10-17
Torsdag 30.12	10-17
Nyttårsafta	10-15
1.nyttårsdag	stengt
2.nyttårsdag	stengt
Måndag 3.1	10-17

Vi ynskjer alle Våre kunder ei riktig god jul, og eit godt nyttår!

Avital og Therese

Seniordansen i sving igjen

5. oktober kunne vi gjenopne Seniordansen, og takka vere tilskot frå sentralt hald, kunne vi invitere Harald Førde og tre medmusikantar frå Svelgen til opninga. Dei underheldt med kjære og kjende melodiar og songar, og med vitsar innimellom, så stemninga var god frå første stund. No skulle det sanneleg bli kjekt å samlast til vanlege dansekveldar.



Før gjestene for, var det kaffiøkt med kveitekringle og fleire kaker, og så var vi i gong for fullt.

Etter denne kvelden har vi halde fram med dans tysdagane i partalsveker kl 19-21, og frammøtet er særst godt. Etter nesten to år utan øvingar var mykje gått i gløymeboka, men jammen er det mykje som «sit» og.

No kan vi igjen lage langbord til pausen, og kaffistunda er sjeldan lang nok (seier karane), for det er så godt å kunne prate saman om laust og fast.

Etter at mainummeret gjekk i trykken, er brua over elva inst i Blålida gjort ferdig. Ho har god høgde, så sjølv om elva blir veldig stor, vil ikkje vatnet nå opp under. Rekkverk er og på plass. I sommar var stien mykje brukt både av fastbuande og feriefolk. Somme likar å gå fram og tilbake på stien medan andre synest det er kjekt å ta runda og gå vegen tilbake. Når det vårast igjen, blir det nok meir dugnad med jamning og rydding. No til advent har Nissen vore der og pynta med fine måla steinar, ønskjer oss god tur, og minner oss på «Ut på tur, aldri sur».



Heldigvis kan vi ha juleavslutning på Dampen igjen. Det blir 7. desember, og det er 25 påmelde. Sjølv om Dampen har fått nye eigarar, er Kalle og Randi framleis med. Kalle har laga lutefisken som før, og begge hjelper med råd og vink.

Til slutt vil Seniordansen minne om at vi svært gjerne vil ha fleire med. Sviktande helse gjer at nokre må slutte, og vi treng nye skal vi halde oppe talet. Vi startar opp att 7. januar, og nye og gamle dansarar er hjarteleg velkomne.

God jul til alle lesarar av Kolset Tidende.

Gloføykje

Det er gledeleg å sjå at aktiviteten og bruken av området ved tusenårsstaden til Bremanger kommune aukar for kvart år som går!

Den opparbeidde badeplassen, det restaurerte nauset, strandpromenaden og rasteplassen med bord og benkar freistar mange turistar til å stoppe, i tillegg til at kommunen sine egne innbyggjarar nyttar plassen mykje til bading og friluftsliv.

Vi er så heldige å ha nokre faste, trufaste hjelparar som trår til når det skal byggjast og ordnast, og bygdefolket møter opp og gjer ein stor innsats på den årlege dugnaden før påske.

Dette inspirerer til vidare utvikling av området, og vi har fleire planar på trappene:


Tursti frå strandpromenaden over «halvøya» mot Hornelen. Stien skal byggjast i tre av berarar og terrassebord, og vert ca. ein meter brei og 50 meter lang.

Treplatting med rastebord i enden av stien. Plattingen vert ca. 20 kvadratmeter. Alt skal tilretteleggast for rørslehemma. På sikt ønskjer vi også å setje opp ein solid gapahuk ved plattingen.

Vi har søkt Vestland fylkeskommune og fått grønt lys for prosjekta, også til å byggje gapahuk når den tid kjem.

No står det berre att å søkje kommunen etter plan-og bygningslova, innan vi kan realisere planane. Då er det vonleg ikkje lenge til vi kan setje oss ved rastebordet på den nye utsiktsplassen med panoramautsikt mot skipsleia i Skatestraumen!

Vi søkte Bremanger kommune (som forvaltar eit årleg tilskotsbeløp på vegne av Guleslettene vindpark AS) om støtte, og fekk kr.10.000,- til prosjektet.



Helsing KKU si arbeidsgruppe for Gloføykje (Magnar, Johan, Jan Inge, Merete K.)

Frå Kolset Sanitetsforening

Vi helsar bygdene våre i Kolset Krins med nytt namn og eiga sanitetsforening. Kolset Sanitetsforening er skipa.



Rugsund Sanitetsforening har vore eit arbeidslag under Davik Sanitetsforening. Rugsund har jobba for saniteten i mange år og mange har difor spurt kvifor vi ikkje står som eiga sanitetsforening. Dette vart drøfta mellom medlemmane i Rugsund, Norske Kvinners Sanitetsforening (NKS) sentralt og med fylkesleiar NKS Vestland-Nord Anne Marie Strømsøy. Alle var positive til dette og ønska oss lukke til. Skipingsmøte vart annonsert til 6. sept. 2021. Ein høgtidleg og kjekk dag med skiping av vår eiga sanitetsforening.

For å dekke heile krinsen vart namnet Kolset Sanitetsforening. Skipingsmøte vedtok enstemmig å skipe eit lokallag av Norske Kvinners

Sanitetsforening. Fylkesleiar NKS Vestland Nord Anne Marie Strømsøy deltok i møtet. Vi takka hjarteleg for at ho vart med oss. Godt oppmøte med 15 stk tilstede og god stemning! Året 2022 starta vi med 25 medlemmar. Vi håpa på eit godt arbeidsår 2022, etter eit år med lite aktivitet grunna restriksjonar.

Kolset Sanitetsforening ønsker kvar og ein i alle heimar, ei fredeleg og god jul og eitt retteleg godt nytt år!

Med vennleg helsing for styre i Kolset Sanitetsforening

Eldrid Eli Strømmen

Rugsund Skyttarlag

Vi startar opp att med innandørs luftgeværskyting på skytebane etter nyttår. Det blir tysdagane kl 18-20, og første skyting er 4. januar.

Frå kl 20 samme dagar blir det skyting for damene/ kvinnegruppa.



Styret 2022

Per Kristian Elde	Leiar
Geir Aardalsbakke	Nestleiar
Håvard Lofnes	Kasserar
Harald Skaar	Sekretær
Emil Forsberg	Styremedlem

Smalsarhorn skulemusikk

I år har SSM spelt i lag med Davik musikklag. Øvingar kvar måndag 18:30-20:30. Om lag 30 musikantar på øvingane på Kolset. Vi har hatt eit variert reportoar, slik at det har vore utfordringar for både store og små. Dirigent har vore Johnny Sælemyr. Vi har også i år rekruttert nye aspirantar, 3 flinke, positive ungar som øver ein time i veka. Nytilflytta til bygda har også blitt med i korpset. I tillegg er det fleire av musikantane som er med i Flora Bremanger Brassband, som skal spele nyttårskonsert i Bremanger, samt vere med i NM i februar.

Arrangement i 2021

I året som gjekk arrangerte vi oktoberfest i samarbeid med Rugsund Handelsstad. Ei kjekk stund, med mykje god mat og fin musikk.



Julemessa

No er Julemessa på Kolset over for denne gong, og vi kan vel trygt seie at det var ein publikumssuksess.


Masse gode tilbakemeldingar frå både publikum og utstillarar, og begge deler er like viktig for oss. Kanskje fekk ikkje alle selt så mykje som ein hadde håpa, men ein har i allefall fått markedsført seg for eit stort publikum. Det er vanskeleg å talfeste kor mange som var innom dørene på Kolset Oppvekstsenter på messa, men dersom vi tar omsetning i kafeane og deler på eit tenkt tal so har vi godt over 200 og kanskje nærare 300 besøkande.



Omsetningsrekord for oss og eit godt bidrag til både Smalsarhorn Skulemusikk og Musikkverkstaden sin drift. Ei stor takk til alle dokke som har bidrege med kaker, salatar og anna kaffimat, dokke er fantastisk flinke. Til slutt ei stor takk til dugnadsgjengen frå dei to laga, utan dokke hadde ikkje dette vore mogeleg. Håper alle synast det har vore kjekt, og at vi kan ha dette som eit årleg arrangement. Ha ei fredeleg og fin førjulstid alle saman

Bustadtomter til sals på Kolset

Kolset bustadfelt



Tomt nr. 1, 1016m², kr. 490.000,-
« 2, 1213m², kr. 590.000,-
« 3, 1179m², kr. 570.000,-

Tomt nr. 4, 969m², kr. 390.000,-
« 5, 1121m², kr. 450.000,-
« 6, 1257m², kr. 510.000,-

 Bremanger kommune